



## Notat

Dato: 10.06.2014  
Arkivsak: 2014/17343-3  
Saksbehandlar: birhau

---

Til: Fylkestinget

---

Fra: Fylkesordføraren

---

### **Interpellasjon til tingsete juni 2014 - Endringar i opptakssystemet, auka lærartettleik, kan det hindre fråfall?**

Aud Karin Oen (SV) har sendt følgjande interpellasjon til fylkestinget i juni:

- «1. Ville ein overgang til eit geografisk opptakssystem kunne ha minka fråfallet i den vidaregåande skulen?
- 2. Kor stor er lærartettleiken i den vidaregåande skulen no samanlikna med til dømes for fem år sidan?
- 3. Har sentrumsskulane ei skeiv kjønnsfordeling, og er eventuelt dette eit problem?
- 4. Er fråfallet i distrikta større enn i byar og tettstrok?»

Svar:

1. Ville ein overgang til eit geografisk opptakssystem kunne ha minka fråfallet i den vidaregåande skulen?

I Hordaland er alle dei fylkeskommunale vidaregåande skulane eitt inntaksområde. I praksis fungerer det som regel slik at elevar som bur utanfor Stor-Bergen søker seg til nærmeste vidaregåande skule som har tilbodet dei ønsker seg. Dei fleste får også tilbod om skuleplass der. I Bergen ligg skulane tettare, og elevane sitt søkjemønster er meir uavhengig av geografisk plassering, men framleis er det slik at elevane i stor grad kan bu heime.

Det er mange faktorar som påverkar gjennomføringsgraden til elevane. Det er difor vanskeleg å samanlikne Hordaland sine gjennomføringstal med andre fylkeskommunar som har eit geografisk styrt inntak.

2. Kor stor er lærartettleiken i den vidaregåande skulen no samanlikna med til dømes for fem år sidan?

I Statistisk Sentralbyrå sin Kostra-statistikk for fylkeskommunane finn ein at det i Hordaland i 2013 var 9,5 elevar pr. lærarårsverk. I 2010 var det tilsvarande talet 8,9.

*3. Har sentrumsskulane ei skeiv kjønnssfordeling, og er eventuelt dette eit problem?*

Dersom ein legg til grunn at sentrumsskulane er Årstad vgs, Bergen Handelsgym, Bergen katedralskole, Bergen maritime skole, Bjørgvin vgs og Tanks vgs viser tala at 49,7 % av elevane ved desse skulane er jenter.

Går ein inn på tala til den einskilde skule finn ein at skulane med unnatak av Bergen maritime skole har mellom 48,0 og 60,4 % jenter. Ved Bergen maritime skole er det 11,8 % jenter. Denne skulen tilbyr tradisjonelle «gute-fag» som elektrofag og teknikk og industriell produksjon. Begge tilboda er retta mot maritime miljø.

*4. Er fråfallet i distrikta større enn i byar og tettstrok?*

Tabellen under syner del elevar som har sluttat pr. region inneverande skuleår. Av tabellen går det fram at fråfallet er lågast i Sunnhordland.

|  | Sunn-hordl. | Voss/Hard. | Bergen - Sør | Bergen Nord | Bergen sentrum | Vest  | Totalt |
|--|-------------|------------|--------------|-------------|----------------|-------|--------|
| Prosent elevar som sluttar i løpet av året (2013/2014) | 3,4 %       | 3,8 %      | 4,1 %        | 5,3 %       | 7,6 %          | 6,3 % | 5,2 %  |